

## To motiv frå Uskedalen på Grendakalenderen.

17.12.2020



Av 12 bilete finn vi to motiv frå Uskedalen. Det er bilete oppe til venstre og bilete nede til høgre.

Av 12 foto finn vi to motiv frå Uskedalen. Fotografane er Magnhild Haugland og Silje Øye. Manghild sitt motiv har tittelen Inst inne i Uskedalen ein sumarkveld. Silje: Topptur med overnatting. Grenda har produsert kalenderen i formatet 50 x 70 cm sidan 2014. Før den tid var det Sparebank 1 SR-bank som var utgjevar.

Gunn-Bente Stølen fortel til Uskedalen.no at ho hentar inn bilete med varierte motiv frå lesarane. Av om lag 200 motiv vel ho ut 12 foto til årets kalender. Bileta skal helst vera frå ulike bygder og frå ulike årstider. Motiva er stort sett henta frå natur, dyr og folkeliv. Bileta har ikkje vore på trykk i Grenda før.

Mange sender inn tinging på kalenderen Det er ikkje naudsynt. Grenda køyrer ut til verksemder, butikkar, kontor og møteplassar. Kalenderen kan også hentast i redaksjonen på Grenda.

Interessa har vore stor i alle år, like sidan Sparbanken tok til med dette i 1986.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal